



Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/17093 - 20/69905

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:

03.11.2020

Høyring -lukking av omlag 10-12 meter bekk/dreneringsgrøft på GBNR 325/11 og 16 Fosse (gml Meland) i Alver

Landbruksavdelinga i Alver har motteke søknad om å lukke om lag 10-12 meter av ei ope grøft/bekk på Fosse (Meland). Søknaden er grunngjeve med at dei ynskjer å betra tilkomst til jordbruksarealet for vedlikehald og stell. Det er starta opp sauedrift på bruket etter at jorda var vekklegd i mange år. Under er utdrag frå søknaden.

Til landbrukskontoret i Alver kommune

Vedlagt fylgjer kart som syner tiltak med lukking av del av bekk for tilkomst og drift av jordbruksareal på gnr/bnr 325/16.

Søker med dette om å lukke del av bekk for å etablere tilkomst for traktor og gravemasking for vedlikehald, slått og stell av jordbruksareal.

Bekken er ikkje vassførande i turre periodar og må vedlikehaldast for ikkje å gro att. Det er tenkt å leggje ned to lengder med anleggsrøyr med diameter 500 mm for å ta evt. flaumvatn. Langs røyr vert fylt med puk og tilbakefylling over røyra med stadlege massar.

Resten av bekken er på sikt tenkt sikra med muring av open bekk for å smalne inn løpet og hindre attgroing.

Kommunen har kontakt NVE som ikkje meiner at det er naudsynt å senda saka på høyring til dei sidan det ikkje ser ut til å påverka flaumsituasjonen/ hovedelva. På grunn av høgdeskilnad/vandringshinder er det ikkje sannsynleg at bekken er fiskeførande.



Figur 1 utklipp av søknadskart - omsøkt vist med blå strek



Figur 2 Flyfoto same stad

Dersom fylkeskommunen har merknader til tiltaket ber me om tilbakemelding innan 01.12.2020

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Aud Sølvi Fosse Drengenes

Hardbakke 47

6924

HARDBAKKE

Mottakarar:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN